

## Økoscenografi

### Arbeids og fordjupningsstipend

Me lever i ei spanande tid, midt i ein overgongsfase frå tradisjonelt overflods-bruk-og-kast-samfunn til eit holistisk, bærekraftig levesett. Det er eit skrikande behov for nytenking innan dei fleste felt, og innan scenekunst. Dei visuelle rammene rundt ei førestelling er ofte fantastiske estetiske uttrykk som det har tatt lang tid å lage, for så ofte å bli kasta etter siste teppefall.

Her vil eg gjerne bidra både for institusjonsteater og amatørteater i fylket. Etter nyleg endt mastergrad innan Kreative fag- og læreprosessar ved Høgskulen på Vestlandet, der eg har forska på korleis kreativiteten vert påverka ved innføring av økoscenografiske prinsipp i eit tverrfagleg undervisningsprosjekt kalla Global Science Opera. Dette studiet har vore akademisk og teoretisk, men det har ført til ein auka medvitskap og kunnskap om eit komplekst område som eg gjerne vil omsetja i praksis.

Eg ser for meg å arbeide fram ein "meny" av scenografiske byggeklossar som kan brukast igjen og igjen, som lett kan byggjast til allsidige uttrykk, lett kan endrast, lett kan oppbevarast. Som er laga av fornybare materiale, som byggjer på godt handverk, og som nærer fantasien.

Etter fleire år som scenograf og endå fleire år som kostymedesignar, har eg eit repertoar å byggje på, som lett kan utvidast kreativt med å tenke at alt som vert laga skal ha meir enn eitt liv. I staden for å tenke frå vogge-til-grav blir det å tenke at alt skal ha fleire livssyklusar, der det kan brukast igjen i andre samanhengar. Ved å bygge opp eit slikt "bibliotek" av anvendelege forslag, kan ein bidra til å hjelpe både amatør- og institusjonsteater, og kanskje skular som har valfag sal og scene?

Eit stipend vil del-finansiera arbeidet med å arbeide fram denne "menyen".



*Eit døme på tekniske scenografiske byggeklossar (laga av underteikna).*

**Reise og kompetanse stipend**

Gjennom arbeidet med masteroppgåva, har eg vore i kontakt med Tanja Beer ved University of Melbourne i Australia. Ho er ein pioner innan økoscenografi, og ho har sendt ein uformell invitasjon til eit samarbeidsprosjekt. Me har ikkje hatt anledning til å utarbeide detaljane i prosjektet enno, men det vil truleg omfatta eit interaktivt og praktisk retta arbeid saman med unge/born og profesjonelle vaksne kunstnarar.

Eit reisestipend vil mogleggjera ei slik reise og eit slikt prosjekt. For min eigen del vil det vera svært nyttig å samarbeida med Beer, og lære av hennar framgangsmåtar i praktisk arbeid, samstundes som eg kan bidra med min kunnskap og erfaring her frå Norge. Saman kunne det blitt eit spanande utforskningsarbeid som vil føre til ny kunnskap, ferdighetar og inspirasjon som eg kan ta med heim og dele vidare med andre her i fylket.

Eit reise-stipend vil delfinansiera dette internasjonale samarbeidet.

Janne Robberstad, 2017